

P. Johnsen

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 138	Kjem ut kvar månad	April 1942	Utgjevar og redaktør: Prost Slaattelid Davik	13. årg.
---------	-----------------------	------------	---	----------

Bøner for barn.

Morgonbøn.

Gud som har oss småborn kjær
sjå til meg som liten er!
Hjelp meg Gud idag å vere
snild og god og deg til ære!
Herrevern om far og mor,
mine syskin, all vår jord!
Herrevern om store, små!
Guds englar jamt oss fylgje må!

Kveldsbøn.

Eg er trøytt og går til ro,
tegg att mine augo two.
Fader sjå i kjærleik blid
ned til vesle senga mi.
Vern all verda, fjern og nær,
vakt ho med din engleher!
Lat i fred oss alle bu
i vår herres Jesu tru.

Uten bekymring.

Guds barns lykke består ikke bare i den indre glede over barnekåret i Jesus Kristus. Men som barn hos denne Far får vi så uendelig meget attpå. »Han som ikke sparte sin egen sonn, men gav ham for oss alle, hvorledes skal han kunne annet enn gi oss alle ting med ham?« (Rom. 8, 32).

Dermed skulde vi være helt uten bekymring, som barnet i den rike og kjærlige fars hjem. Og er det noen ting Jesus har talt varmt og inntrengende om til sine disipler, så er det om hvor absolutt bekymringsløse de kan være. Se f. eks. Matt. 6, 25—34. Det er som han ikke kan få sagt det sterkt nok.

Og så hender det likevel om og om igjen at Guds barn faller i bekymringer og har det forferdelig vondt — for utkomme, for sykdom, for fremtiden og alt den kanskje kan bringe av motgang. — Hvorfor er det slik? Og hvordan kan vi bli kvitt bekymringene?

Ja, er vi så sant Guds barn, og enda bekymrer oss, så må jo feilen ganske enkelt ligge i at vi fremdeles tror ham for dårlig, fordi vi ennå ikke kjenner ham godt nok. For de som virkelig kjenner ham, de stoler på ham. (Salme 9, 11).

Eller om vi nok rikelig har erfaret hvor både mektig og trofast han er, så lar vi oss blinde og forvirre av de mange verdens ting som gjør angrep på troen. Men da skulde vi jo også vite hva vi har å gjøre for å komme ut av elendigheten igjen: nemlig fly tilbake til ham hvis verk og ord står når himmel og jord forgår. Bekymringsløse er vi akkurat i samme grad som vi klart ser vår Fars ansikt i Jesus Kristus.

Men kanskje ligger grunnen til våre bekymringer likevel dypere? Kanskje har vi ikke for alvor lagt merke til og oppfylt den betingelsen som Jesus stiller opp.

Nettopp Matt. 6 er overordentlig klar på dette punkt. Forsikringen om hvor unødvendig det er å bekymre seg, lyder så sterkt som det går an. Men under den klare betingelse at man overgir seg selv og alt sitt til Gud. Jesus begynner sin tale mot bekymringene med å erklære at ingen kan tjene to herrer (v. 24), og han ender den med å innskjerpe at bare når Guds rike og rettferdighet søkes først, fås alt det andre i tilgift (v. 33).

Og slik må det jo være. Gud kan selv sagt ikke overta noe ansvar for det som han ikke får utleverert. De tingene vi vil greie med selv, får vi også bære bekymringene for selv. — Og så må vi ikke undre oss over vår egen uro. Alt vi styrer med, er det tvert om grunn til å engstes for.

Dersom: La ham få alt! Så blir det hans alt sammen. Og: »Hva sitt er, hegner han omkring, ti frykter jeg for ingen ting!«

Rektor Smemo.

Har du en bibel?

Har du en bibel? Det er visst ikke mange norske hjem hvor det ikke finnes i det minste en bibel. Kanskje fører den en glemt tilværelse, men den finnes der da. Føler du aldri at din bibel kaller på deg, at den forsøker å få deg i tale? Hender det noen gang at du tørrer støvet av den, ser på den — og setter den tilbake i hyllen? Føler du da ikke et stikk i samvittigheten, vet du ikke innerst inne at du begår en urett, at du viser fra deg en venn?

Ser du ikke på Bibelen som en venn? Synes du at den fører en hård tale, liker du ikke å bli minnet om at ikke alt er som det burde med deg og ditt liv? Bibelen er en *sann* venn. Den fører streng og uredd tale. Den ligner ikke de venner som snakker deg etter munnen, og som kanskje taler ille om deg bak din rygg. Bibelen er en *streng* og *rettferdig* venn, en venn som sier deg like ut at du svek, en venn som ikke går på akkord med sannhet og rett for dine smukke øynes skyld. En slik venn er god å ha. Du synes kanskje ikke det idag. Men den dag kan komme da alle dine venner forlater deg. Da skal du vite at *han* forlater deg aldri. Hvor ofte du enn har syndet mot ham og vært ulydig mot hans bud — han tar imot deg med glede i den time da du kommer. For hans navn er kjærlighet.

*Kai Normann.
(Fiskerens Ven).*

Går du til alters?

Kanskje du svarer: Nei, det gjør jeg aldri. Og kanskje du har aldeles rett i å svare slik. For er du et uomvendt og vantrø menneske, men uten liv i Gud, da bør du ikke gå til Herrens bord.

Men er du troende, — tror du dine synders forlatelse i Jesu blod, da bør du ikke svare således. For da har du din plass ved nattverdbordet.

Det er nemlig meget beklagelig, at det er troende mennesker, som enten ikke eller kun uregelmessig går til Herrens bord. Det er en utilbørlig mangel på ærbødighet for Herrens innstiftelse, og de avskjærer seg på den måte fra en stor velsignelse.

Vi leser i vår bibel, at Jesus lengtet etter å ete det påskelam, i forbindelse med hvilket han innstiftet nattverden. Og i innstiftelsesordene heter det: Ta, et, drikk, gjør — det er befalinger, som vi har å adlyde.

Det riktige er, at alle Herrens barn lengter etter å ta *imot*, hva han har lengtet etter å *gi*, og at de *adlyder* sin Herres og Mesters befalinger.

Han har gitt oss tre nådemidler: dåpen, ordet, nattverden. Disse er sikkerlig *nok* for vårt behov. Men hvem våger å si: de er *mere enn vi* trenger? Det er vår sak å ta imot — i ærbødighet og lydighet — og bruke, hva han har funnet nødvendig.

Derfor — er du en troende, da bruk nattverdens sakrament! Gå til alters fliktig og regelmessig! Og du skal bli rikelig velsignet.

»Mer enn englemat er dette,
styrkelse for alle trette
Jesu vandringsmenn på jord.«

Prost Prytz.



Våre døde.

22. mars: Ragnhild Eriksdtr. Gjørven, Hessevik; g. gbr.-kone; f. 1872 i Hol i Hallingdal; hjartesjukdom.

*Gud, laga det so for Jesu blod:
I honom me ut må anda.*

Notisar.

Neste nummer av Kyrkjebladet kjem i juni månad. På grunn av papirmangelen er det kome påbod om at alle blad berre må bruka helvta så mykje papir som før. Difor kan Kyrkjebladet inntil vidare berre koma ut annankvar månad.

Til det Norske Misjonsselskap kom i 1941 inn: Offer i Davik kyrkje 66 kr. Ved Dombesteins misjonsforeining 62.50. Ved Davik misjonsforeining 827.07. Renter 1.31. Israelsmisjonen og Santalmisjonen fekk av dette 25 kr. kvar.

Rugsund sokneråd har valt oppatt til formann for 1942 klokka Hausle, til nestformann Karl Haugland, til kasserar klokkar Auvoll, til revisorar A. Benæs og J. Fløtre. — Soknerådet vedtok å søkja Kyrkjedepartementet om løye til å utsetja innföringa av ei onnor salmebok, fordi der er planar om å laga ei ny salmebok og fordi det no er vanskeleg å få tak i Nynorsk salmebok. — I 1942 skal det vera ofring til Menighetsfakultetet, heidningmisjonen og indremisjonen.

Tytingvåg kvinneforeining har sendt 125 kr. til sjømannsmisjonen og 75 kr. til redningssaka.

Til sjukerkloftaget er innkome: Lodd: Endal, Dombestein, Reksnes, Tytingvåg, Skatstraumen, Levdal, Berle, Gangsøy, Isane, Torheim, Leirgulen, Nordstrand, Bortne 5 kr. kvar, Davik 20, Rugsund og Kjølsdal 10 kvar, Bryggja 25. — **Merk**: Endal, Reksnes, Tytingvåg, Skatstraumen, Berle, Isane, Leirgulen, Nordstrand 4 kr.; Dombestein, Levdal, Gangsøy, Torheim, Bortne 2; Davik, Rugsund, Kjølsdal, Bryggja 6. — **Mai-blomar**: Dombestein 5, Berle 10. — **Offer**: Ålfot 33.10, Rugsund 25.40. — **Basarar**: Reksnes 229.10. — **Gåver**: Nordstrand krins 25, ein syklubb av smågjentor på Isane 5. — **Lagspenningar**: Elde 3, Reksnes 14, Skatstraumen 11, Dombestein 12, Isane 19, Torheim 7, Leirgulen 30, Rugsund 19, Haus 36, Levdal 26, Bortne 10. — **Årsmøte** 3. mars. Årsmelding og rekneskap vart godkjend. Styret med varamenn vert det same som før. Styret fekk fullmakt til å setja i gong tannrøkt for skulehorna når ein finn at tida til det er inne.

Fødselsdagar: Kristian J. Daviknes vert 80 år 14. mai. — 70 år vert Anton P. Liset 7. mai og Peder K. Elde 31. mai. — 60 år vert Jonas P. Humberstad 3. mai og Matias O. Strømmen 19. mai. — 50 år vert Johan J. Kjøllesdal 22. mai, Kristian P. Kjøllesdal 27. juni, Johannes J. Falkevik 11. juni, Arne A. Myklebust 1. juni.

For 100 år sidan. **Døde**: 2. april 1842 Ingeborg Iversdtr. Ytre Nore, tjenestepige, 53 år. — 15. april Marie Olsdtr. Rexnæs, gaardmandsdatter, 30 ar. 22. mai Ingeborg Andersdtr. Nave, gaardmandskone, 52 år. 10. mai Anne Monsdtr. Ervig, 82 år. — **Vigde**: 29. mai ungkarl og hussmand Mons Møchlebust, son til Jørgen Waldemarsen, 32 ar, og pige Anne Wiig, dtr. til Anton Olsen, 34 år.

Utvandra til Amerika frå Davik. 1892: Martines Martinesson Dombestein, Jens Rasmussen Dombestein, Lars Martinesson Frimannslund, Hans Endreson Maurstad, Andreas Reielsson Øvrebyg, Mikael Mikkelsen Tømmerstøl, Andreas Simonsen Indre Davik, Malene Andersdtr. Kjøllesdal, Anne Larsdtr. Indredavik, Martines Rasmussen Ischaug, Jørgen Tollefsson Rimstad, Johan Jakobsson Brobakke, Kristen Valdemarsson Krakevik, Johan Iversson Husevåg og kona Laura Monsdtr., Ester Simonsdtr. Nore, Jørgine Knutsdtr. Liset, Pernille Pedersdtr. Runshaug, Gabriel Jakobsson Brobakke.

Kvittering for kontingent. H. Slaattelid, Valdemar Totland 5 kr. — Oline A. Isene, Lars I. Maurstad 2. — Peder K. Elde 2.50. — Tils. kr. 16.50.

Hjarteleg takk til alle.

Gudstenester:

- | | |
|--------------------|---------------------|
| 3. s. etter påske, | 26. april: Rugsund. |
| 4. s. etter påske, | 3. mai: Davik. |
| 5. s. etter påske, | 10. mai: Totland. |

Kristi himmelfarts dag.	14. mai: Ålfot.
6. s. etter påske,	17. mai: Kjølsdal.
1. pinsedag,	24. mai: Davik.
2. pinsedag,	25. mai: Rugsund.
Treeinings s.	31. mai: Davik.
1. s. etter treeining,	7. juni: Totland.
2. s. etter treeining,	14. juni: Ålfot.
3. s. etter treeining,	21. juni: Davik.
4. s. etter treeining,	28. juni: Rugsund.

Soga um Saul frå Tarsus.

(Framhald).

XV.

Onsider braut forfylgjingane laus også i Ikonium, og apostlane skjøna at dei måtte vera varsame, dersom dei skulle tryggja det arbeid som alt var utført. Difor drog dei til Lystra, ein roleg landsby i Lykaonia, der det ingen synagoge var. Der hadde dei ei lita god og fredeleg tid i den koselege heimen åt Lois og dottera Eunike og dottersonen Timoteus. Dei hørde til den flokken av evangeliske jøder som venta på Israels trøyst. Apostlane kunde ikkje tala lykaonisk, men folket skjøna litt gresk, og dei tok vel imot apostlane og hørde på dei med respekt, til dess det enda med ei komedie som nærpå vart til ei tragedie.

Lystra vart frå fyrt av grunnlagt attmed eit eldgamalt altar for dyrkinga av natura, og seinare vart det til Zeus-templet utanfor byporten. Her heldt ein vanfør tiggjar seg. Apostelgjerningane seier tre gonger at han var svært hjelpelaus. Reisande predikantar og vanføre tiggjarar held seg jo der det er mykje folk, og difor vil dei ofte råkast. Tiggaren var ein proselyt, og hadde med ihug hørt på Paulus. Ein dag då mykje bygdefolk strøynde til byen (venteleg var det ein religiøs festdag), heldt Paulus ei preike utanfor porten, og då han såg kor gripen tiggaren var, ropa han: »Stå opp på føtene dine!« og mannen vart lækt.

Der vart ei veldig øsing blant lykaoniarane. Det måtte vera Zeus som hadde vitja sitt trufaste folk og utført dette under ved sitt gamle altar. Den høge vyrdelege herren som sa så lite, var sjølv sagt Zeus, og denne annsame vesle karen, som førde ordet, var fylgesveinen hans, Hermes. Paulus og Barnabas var opptekne med den oppskaka tiggaren og la ikkje merke til kva som gjekk

føre seg. Og då ein deputasjon møtte fram i losjet deira og sa ifrå at dei offera som skulde berast fram til dei, no var ferdige, og bad dei to gudane gjera so vel og koma og ta imot tilbedinga åt dei truande i templet, då vart apostlane reint forferda og avviste deputasjonen på ein måte som var alt anna enn taktfull.

Det vart ikkje noko av ofringa, men folkeinugen var vonbroten og arg og difor reidug å høyra på dei jødiske spionane frå Antiochia og Ikonium, når dei sa at desse mennene var fárlege bedragarar. Det kom til eit opplaup og eit heldig åtak på Paulus. Han vart steina så han låg i uvit og vart kasta utanfor porten som død. Det siste han tenkte må ha vore gledestankar: »Eg har gjort det eg kunde. Eg har vitna for verda som Stefanus, og eg dør på same måten som han.«

Venene kom for å bera han til grava, og for Barnabas må det ha vore underleg å sjå korleis det tok seg oppatt det som hadde hendt utanfor byporten i Jerusalem. Men Paulus var ikkje død og drog om dagen til Derbe, der det ser ut til at dei fekk vera i fred. Det gjekk nokre månader då dei organiserte desse unge kyrkjelydane, gav dei meir opplæring i trua og innprenta dei, at dei måtte vera førebudde på forfylginga, at dei måtte venta det martyrium som dei kristne i Russland har lidd i våre dagar.

Så vende Paulus og Barnabas attende til Antiochia i Syria. Dei vart mottekne av kyrkja der med stor høgtid, og i ei talrik forsamling gav dei melding om det undersuelle dei hadde opplevt. Dei slo seg ned i Antiochia og stod no framfor ei stor krise i kyrkja.

XVI.

Det verste problem som Paulus hadde i sitt arbeid, er det som Apostelgjerningane med vilje seier minst mogeleg om — vansken ved å føra jødar og heidningar saman i den eine, ålmenne, apostoliske kyrkja. Det er lett å forstå. Alle dei første lærersveinane var jødar, og dei heldt fram med å leva etter moselova. Reglane og sedvanane der var jo så samanbunde med det høgste og beste i deira eige liv, at det tyktest vera umogeleg å bryta med dei. Herren var heller ikkje komen for å avlysa lova, men for å

fullføra den. Vi kan tenkja oss kor eldhuga dei truande fylgde Herren når det galdt å gjeva ei meir åndeleg fortolking av alt det symbolske i den gamle religion.

Men etterkvart som kyrkja vaks, vaks den ut or denne stoda. For det fyrste hadde dei tolv teke med ein omskoren proselyt blant dei sju diakonane (Ap. gj. 6), og dermed sett seg ut over omsynet til den jødiske rase. Så hadde Stefanus i si forkynning hevdat at templet og dei gamle skikkane skulde forgå. Så hadde diakonen Filipp døypt hirdmannen frå Etiopia, og likeins samaritanar, omskorne kjettarar. I Cæsarea hadde Peter våga seg endå lengre, klårleg førd av Gud sjølv, og hadde døypt uomskorne proselytar. I Antiochia var vakse fram ein kyrkjelyd, sterkare enn nokon annan, som for størsteparten var samansett av slike. Og no hadde Paulus og Barnabas grunnlagt kyrkjelydar der dei fleste medlemene hadde vore heidningar, utan noko som helst samband med jødedomen.

For å vera rettferdige må vi sjå på situasjonen også slik som den tok seg ut for dei som heldt på det gamle. Vi kan ikkje undra oss over at eit strengt jødisk parti stod fram i kyrkja i Jerusalem. Dei vilde og ta imot heidningane, men dei hevdar at dei var ikkje fullverdige kristne utan dei lydde lova og dei gamle vedtekten, slik som Herren sjølv hadde gjort det.

Men no var det det motsette som hende. Endå til jødechristne tok til å leggja av dei jødiske skikkane, som om dei ikkje lengre hadde noko serleg å seia. For det fariseiske parti blant dei kristne var dette å falla frå Gud, og i sin ihug for lova vart det no meir jødisk enn kristeleg. Apostlane fann at det vilde vera bra om desse folk fekk halda fram sitt syn i Antiochia, så ein kunde få ei avgjersle før partimotsetningane vart altfor harde. Då dei kom dit, hevdar dei at halvparten av disiplane i byen enno var usfullkomne kristne, og at dei måtte la seg omskjera og halda dei jødiske føreskriftene. Paulus og Barnabas protesterte mot dette. Der vart stor øsing, og usemje i kyrkjelyden, og det broderlege samlivet vart skipa.

(Forts.)